

Ny «foresattportal» frå 1.juni


Skulane i Klepp kommune nyttar «Visma flyt skole» til dialog og informasjonsdeling med føresette.

1.juni 2023 vert “Visma Hjemmeweb” erstatta med “Visma Foresattportalen»


Det er i hovudsak utsjånaden i sjølve løysinga som blir endra, men nokre funksjonar som tidlegare kunne utførast i gammal løysing vil berre kunna nyttast via Min Skole appen ved overgang til ny portal. Ny «foresattportal» fungerer optimalt i samspel med Min Skole appen, og den nye foresattportalen er og universelt utforma.

Pålogging

Pålogging vert gjort via same lenke som før, men du kan og logga deg på via Min Skole appen.



Inne i Foresattportalen



På startside

- Barn som føreset er kopla til
- Brukarmeny kan opnast øvst til høgre
- Venstremeny viser ulike funksjonar
- Meir informasjon om valt funksjonalitet finn du midt i skjermbilete

Brukarmeny:

- Øvst til høgre kan du klikka på ditt eige namn og få opp meny med:
- Varslingsinnstillingar
- Min profil
- Språk
- Kontaktinformasjon

Under dei ulike punkta i menyen kan du redigera og gjera val. Under "Min profil" kan du t.d. endra kontaktinformasjon som e-postadresse og telefonnummer.

I Foresettportalen finn du følgande funksjonar:

- Søka om permisjon
- Søka om/ endre SFO-tilbod
- Søka om redusert foreldrebetaling i SFO.
- Oversikt over fravær
- Vurderingar og karakterar
- Merknadar (anmerking)

Digitale spørreskjema og dei funksjonane som låg i "Hjemmeweb" og ikkje blei med til ny "Foresattportal", vil du i staden finna i appen "Min Skole". Dette gjeld til dømes "SFO-tilstedeværelse".